

# Referat frå foreldremøte 20 september 2023

Til stades 37

Starta med høyra:

- Sang «det er godt å ha noen me kjenner.....»
- **Velkommen**  
Kariann presenterte seg
- **Årshjulet ved trinnkontakt Signe:**  
Trinnkontaktmøte 12. september  
Foreldremøte 20. september  
Utviklingssamtalar i november  
Onsdag 8. november- Aktivitet på skulen  
Vennegrupper- a og c, b og d  
Foreldremøte vår, dato kjem seinare  
Utviklingssamtaler i mai/juni  
Elevane har framføring ein kveld i mai, mat etterpå  
Skulegardsfest 12. juni 18.00-19.00
- Viste filmen venner på skolen

Oppstart med klassemiljø og mobbing

Fire klasser og fire kontaktlærarar. Flott oppstart med dei flotte elevane me har. Me bruker lærevennar, dei hjelper kvarandre og samarbeider. Øver på å bli trygge på å snakka i klassen. Det er ein flott gjeng som er flinke å leike saman. Me bruker programmet Zippy for å trenna kjensler, kommunikasjon, venner/venner, takle konflikter, endring og tap.

Lye skule er ein **Olweusskule**. Det betyr at me er forplikta til å følge Olweus programmet. Me skal ha Olweus/ Zippy time anna kvar veke. Me har Mobbereglar og Mobbering som elevane skal vera kjende med.

Er det mistanke om mobbing, lager me ein handlingsplan rundt eleven. Då blir elev og foreldre involvert, den som blir utsett for mobbing og den som utførar mobbinga. Viktig å prøve å løysa ting så rask som mogleg.

Me har **vennegrupper** på 1- 3 trinn.

Viktig at skule og heim samarbeider. Viktig at me får beskjed viss eleven ikkje har det bra, eller de lurar på noko.

De vil at barnet skal ha det bra, det vil me og!

## Norsk- lesing og skriving

Me er godt fornøgd med ny lesebok. For at elevane skal sleppa å bera så tungt kan leseboka liggja heime. På trinnet har me mange elevar. Nokre les med god flyt og for andre er det meir utfordrande. Akkurat slik det er for 2.klassinger. Uansett er det

viktig at de som føresette sitt ved sida av barnet og viser interesse for lesinga. De kan vera med å snakke om bileta og finne vanskelege ord før dei starter å lese sjølve teksten.

Leselekser har me for at elevane skal få øve fleire gonger på same tekst slik at dei greier å automatisere fleire ord. Då vil det bli lettare for dei å lese tekster og forstå innhaldet i det dei les.

Skrijving: me øver på skrijving på skulen, både på tastatur og for hand. Elevane vil få heim ei eiga bok for finskrift. Der skriv dei inn teksten som ligg på Showbie. Leksa blir gitt som ei vekeleke. Det vil seie at dei skal levere denne inn seinast fredagar.

Tips på vegen

- Les for og saman med barnet ditt, også etter at dei har lært å lesa sjølv.
- Treng ikkje bare vera bøker, men teikneseriar, internettsider, tekstar i dataspel osv.
- Gjennom samtalar før, under og etter lesinga bidreg du som føresett til å utvikla å styrka barnet ditt si evne til å lese med forståing.
- Oppmuntra og støtta barnet ditt på vegen mot gode leseferdigheiter.

## **Matematikk- rekning Dragonbox 2.**

Me har til nå i år repetert tal og mengder.

Nå har me begynt å arbeida med tala opp til 100, og elevane skal nå forhåpentlegvis klara å overføra det dei har lært av addisjonsstrategiar frå tal under ti til addisjon med høgare tal.

Me merker at dei har øvd godt på tiarvennene heime.

Utanom **addisjon og subtraksjon** skal me arbeida med å **rekna med pengar, mønster og speiling, tid (kalender og klokke) og måling.**

***Kva kan øvast på heime:***

Praktisk matematikk:

telling, framlengs, baklengs, med 2, 5 og 10 om gongen klokka, bruka/tella pengar, måla lengd og måla opp i matlaging. Laga reknefortellingar for eksempel når ein er på ein kjøretur.

**Korleis ein time er lagt opp:**

- Startar med ei **utforsking**, kan vera ei praktisk oppgåve eller på appen. Elevane prøver mest mulig sjøl.
- **Samtale:** Ex Kor mange einarar er det i ein tiar? Kor mange tiarar er det plass til i ein hundrar? Kva betyr sifferet som står først i eit tal med to siffer? Bakerst? Kva skjer viss me byter om på siffera?
- **Øving** både i appen og etterkvart i **boka**.

- Avslutning med ei **oppsummering** som er knytta til læringsmålet.

### **Mattesnakk:**

Dette året har me valt å bruka denne på skulen. Elevane er veldig engasjerte når me løyser problemløysings- oppgåvene i lag her. Me utforskar, tenkjer, diskuterer og resonnerer saman.

### **Big numbers app:**

Prisbelønna mattespel som skal gjera det enkelt å meistra matematikken bak store tal. Ein får øvd på titalssystemet og korleis ein utfører addisjon og subtraksjon med store tal.

Det me ser er ein veldig fordel med appen i dragonbox, er at dei får veldig god drilling. Dragonbox er og lagt opp slik at oppgåvene kjem igjen mange gonger.

Når elevane har arbeida med drilloppgåver og klart to eller tre stjerner, får dei tilgang på kjellaren. Her er det både drill og meir utfordrande gilde oppgåver.

Viktig at elevane ikkje lastar ned andre appar enn dei to som er for 2.trinn. (gul DB skole 2 og dragon box big numbers)

Dyre lisensar som ein då tek frå andre elevar.

### **Diverse informasjon**

- Symjing etter jul, øve på å dusje heime.
- Sekker (må ha litt større sekker for å få plass til genser ol)
- Klede- det fylles fort opp i korga og knagger, minn elever på at de tar heim klede og at de kjem innom av og til og hjelper å ta heim nokre klede.

Det blei ein del spørsmål om mat på tur. Dei tek med det som står på pakkelisten.  
Lekser: viss ein ikkje har tid til å gjera lekse ein dag, send oss melding på Visma.